



HARDT RÅKA: 36,3 årsverk på Valen i Kvinnherad kan bli kutta neste år.

FOTO: LENA VERMEDAL

Kraftige psykiatrikutt på Valen

Psykiatrien i Helse Fonna må spara 32 millionar kroner neste år. Det kan føra til at 36,3 årsverk på Valen sjukehus må bort innan april neste år.

AV: [lena vermedal](#)

Publisert: 19.des. 2012 13:40 **Oppdatert:** 19.des. 2012 16:36

Torsdag skal styret i Helse Fonna ta stilling til eit framlegg frå administrasjonen som legg opp til kraftige kutt i Klinikks for Psykiatri i Helse Fonna. Nær 50 årsverk skal bort innan april 2013, og heile 36,3 av dei kan bli fjerna frå Valen i Kvinnherad.

I saksframlegget blir det lagt opp til samling av psykosebehandling på Valen sjukehus og leggja ned tilbodet i Haugesund. All rusbehandling vert samla på Haugesund sjukehus.

Ein konsekvens er at døgntilbodet ved Valen sjukehus, Post A, vert avvikla.

- Uroa over tempoet

Lokalavisa [Kvinnheringen](#)¹ omtaler kutta onsdag. Tillitsvalde ved Valen sjukehus er overraska og uroa over tempoet i omstillinga.

- Det er dramatisk at ein skjer ytterlegare ned på Valen. Ting skjer veldig fort, seier Linda Hannisdal, tillitsvald for Norsk Sjukepleiarforbund på Valen til avisas Kvinnheringen.

- Innstillinga var uventa. Å fjerna så mange stillingar på Valen er alarmerande, seier Arvid Storegjerde, klinikktillitsvald for Fagforbundet i Helse Fonna til lokalavisa.

- Eit tap for pasientane

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er også bekymra. Dei har skrive brev til styret i Helse Fonna der dei krev at ei konsekvensutgreiing må gjennomførast før vedtaket blir gjort.

- Samarbeidsrådet for Sunnhordland er svært bekymra over dette framlegget. Slik det kan sjå ut, vil dette få store konsekvensar for Valen sjukehus både i form av kompetansen som vert bygd ned og for framtidig rekruttering til sjukehuset. Men ikkje minst vert det eit tap for dei som nytta seg av behandlinga ved sjukehuset, skriv styreleiar Liv Kari Eskeland og dagleg leiar Gro Jensen Gjerde i eit brev til styret i Helse Fonna.

- For mange pleiarar

Styret i Helse Fonna vedtok 28. november i år at Klinikk for Psykisk helsevern må klara seg med 32 millionar kroner mindre til neste år.

I saksframlegget blir det vist til «Plan for psykisk helsevern» og ein analyse av ressursbruken i klinikken. Analysen syner at pleiefaktoren i Helse Fonna ligg høgast av alle helseføretaka i Helse Vest.

Over fleire år har det dessutan vore ei lav utnytting av døgnkapasiteten med ein beleggprosent på cirka 85 prosent.

Som følgje av omfanget av kutta kan tilsette få endringsoppseiingar, men dei det gjeld vil få tilbod om ny stilling i helseføretaket, ifølgje saksutgreiinga.

Saka skal opp til handsaming i styret i Helse Fonna torsdag 20. desember.